

Hovudutval for Plan og ressurs har behandla sak 84/2021 i møte den 21.10.2021 :

Behandling

Tilleggsnotat om fordeling næring/fritid i planområdet vart delt ut møtet.

Kommunedirektøren fremma eit tilleggsforslag:

Innen planområdet skal fritids- og næringsbebyggelse fortrinnsvis plasseres i separate bygg der det er mulig, og minimum i separate etasjer.

Pkt. om renovasjon i føresegna vert teke ut.

Anders Snildal (Sp) fremma tilleggsforslag til Kommunedirektøren si innstilling:

Innen planområdet skal fritids- og næringsbebyggelse plasseres i separate bygg i område B,C,D der det er mulig og minimum i separate etasjer. Næringsbebyggelse skal plasseres mot Totteskogenveien som er hovedvei i dette området.

Steinar Bleken (V) starta ein diskusjon rundt habiliteten til Richard Taraldsen (H) som dagleg leiar i HTTL og Jan Egil Halbjørhus (H) som leiar i HIAS. Begge representantane opplyser at både HIAS og HTTL har tidlegare hatt deltaking i masterplanen som gir grunnlag for detaljregulering. Elles ingen interesse eller befatning med planen. Habiliteten til dei to representantane vart diskutert i møtet. Dette har også tidlegare vore diskutert og vurdert av juristen i kommunen.

Richard Taraldsen (H) stilte så spørsmål til Steinar Bleken (V) sin habilitet på grunnlag av ein tidlegare habilitetssak for utvalsleiar i førre periode. Utvalsleiar orienterte at han har vore i kontakt med utbygger i tillegg til dei som har gitt høringssvar samt andre involverte. Utvalet fann utifrå utvalsleiar si redegjøring at dette ikkje er problemfylt.

Richard Taraldsen (H) fremma nytt framlegg til vedtak:

Hovudutval Plan og Ressurs legg med hjemmel i §§ 12-10 og 12-11 i plan- og bygningsloven detaljreguleringsplan for K4 Totteskogen (planID: 2021002) ut på høring og offentlig ettersyn med følgende endringer:

Bestemmelser:

- Relevante rekkefølgekrav fra områderegulering for Totteskogen knyttet til felles infrastruktur, næringsenheter o.l. (bestemmelser som knytter seg til område K4 eller som er felles for hele planområdet) skal videreføres i denne planens bestemmelser.
 - Tillegg i rekkefølgebestemmelser: Før brukstillatelse gis til nye enheter i området må sykkelløype (pumptrack), grøntområde og skiløyper være opparbeidet. Sykkelløypen må ha tilfredsstillende sikkerhet mot veg.
1. Utvalget ber utbygger komme med 3D visualisering av byggene i område innen 2 gangsbehandling, i forhold til fjern virkninger
 2. Utvalget ber utbygger spesielt å vurdere servering /handel på gate plan i område B,C og D mot hovedvei i områdeplan totteskogen innen 2 gangsbehandling.

Anders Snildal (Sp) trakk sitt framlegg og gav si støtte til Høgre sitt framlegg.

Votering:

Det vart votert over framlegget om å ta ut punkt H. Framlegget vart vedteke samrøystes.

Det vart votert over tilleggsframlegget til Kommunedirektør. Framlegget vart vedteke samrøystes

Det vart votert over framlegget frå Richard Taraldsen (H), tilleggspunkt 1. Framlegget vart vedteke samrøystes.

Det vart votert over framlegget frå Richard Taraldsen (H), tilleggspunkt 2. Framlegget vart vedteke samrøystes.

Innstilling frå Kommunedirektør med vedtekne tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutval Plan og Ressurs legg med hjemmel i §§ 12-10 og 12-11 i plan- og bygningsloven detaljreguleringsplan for K4 Totteskogen (planID: 2021002) ut på høring og offentlig ettersyn med følgende endringer:

Bestemmelser:

- Relevante rekkefølgekrav fra områderegulering for Totteskogen knyttet til felles infrastruktur, næringsenheter o.l. (bestemmelser som knytter seg til område K4 eller som er felles for hele planområdet) skal videreføres i denne planens bestemmelser.
 - Tillegg i rekkefølgebestemmelser: Før brukstillatelse gis til nye enheter i området må sykkelløype (pumptrack), grøntområde og skiløyper være opparbeidet. Sykkelløypen må ha tilfredsstillende sikkerhet mot veg.
1. Utvalget ber utbygger komme med 3D visualisering av byggene i område innen 2 gangsbehandling, i forhold til fjern virkninger
 2. Utvalget ber utbygger spesielt å vurdere servering /handel på gate plan i område B,C og D mot hovedvei i områdeplan totteskogen innen 2 gangsbehandling.

Innen planområdet skal fritids- og næringsbebyggelse fortrinnsvis plasseres i separate bygg der det er mulig, og minimum i separate etasjer. Pkt. om renovasjon i føresegna vert teke ut.

